

Begrunnelse for forslag til NM-øvelser og klasser fra Sandane PK

NSF har i dag ei mengde greiner som gjer det mogeleg for mange og gjere det godt nok til og konkurrere om medaljar i NM. Styret i SPK ser ikkje kva ein ønskjer og oppnå ved og kutte antalet klassar, då spesielt og kutte junior og kvinneklassar. At det er ei mengde NM titlar gjer jo heller sporten meir attraktiv då det ikkje er so uoppnåeleg og kunne hevde seg, om enn i ei mindre klasse.

Målet må vere at fleire finner turen til NM og ikkje færre . Arrangørlag tener vel heller meir pengar med fleire deltakarar. Veteranklassane bør kuttast lenge før kvinne og ungdom/Junior. Veteranane har mange gonger vist at dei fullfører med same resultat som open klasse.

Om problemet er og finne arrangørar av NM, Del det då heller opp i fleire arrangement. T.d. ISSF banestemner, Luft, Felt, Spesialfelt, Magnumfelt og Nasjonale banestemner.

Styret i Sandane Pistolklubb ynskjer og halde fast ved dei klassene det er i dag og heller auke antal medaljar /klasser.

Byrkjelo 1 mars 2018

For styret Sandane Pistolklubb.

Peter Bergheim

Leiar